



Leirdalen Barnehage Sa
Ievegen 2
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/374 - 19/13207

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

13.06.2019

Referat frå møte med private barnehagar 6.juni 2019

Referat frå dialogmøte med dei private barnehagane og kommunen 6. juni 2019

Desse møtte: Drømmehagen barnehage A/S : Styrar / Eigar Fredrik Seliussen. Læringsverkstedet Maurtua barnehage A/S : styrar Lill-Merethe Kittang. Leiketun barnehage A/S : Eigarrepresentant Magnar Hellen. Blåkklokka barnehage: Styrar/ eigar Cecilie Dale Hella og Rigmor Sletten. Leirdalen barnehage A/B : Styrar Beate Jacobsen.

Ordførar Øyvind Oddekalv. Rådmann Martin W Kulild. Økonomisjef Per- Inge Olsen. Rådgjevar for barnehage Mette M Træland.

Forfall til møtet: Espira Marthahaugen barnehage: Styrar Elisabeth Thorland. Læringsverkstedet Flatøy barnehage A/S, Lita-God familiebarnehage v/ eigar og styrar Liv Hopland van Der Kooij. Leiar i utval for Levekår: Sølvi N. Knudsen.

Ordførar ønskte velkommen til møte

1. Nytt vedtak om satsar, info om etterbetaling.

Nye vedtak om satsar er sendt ut til barnehagane. Rådmannen beklaga at Meland kommune gjorde feil i berekninga av tilskot.

Det er sendt ut svar til PBL om deira kommentarar til sakshandsaminga. Fylkesmannen er klageinstans i saka.

Utbetalingar: Etterbetalingane er utbetalt til barnehagane. Tilskot for juni og juli er utbetalt.

På grunn av at Meland kommune har politisk behandling av satsane til barnehagane vart den endelege sakshandsaminga først i KS i mai 2019.

Det vart stilt spørsmål om dei nye satsane og totalbeløp i vedtaket. Økonomisjefen/ rådgjevar for barnehage svara at totalbeløpet er lagt inn i det nye vedtaket og sendt til barnehagane med dokumentasjon for berekninga.

Det var drøfting rundt satsane til driftstilskot i Meland og korleis dette vert i Alver.

Meland har lågare satsar enn Lindås. Etter reglane skal satsane gjelde inn i Alver i 2 år.

Budsjettet for Alver vil bli lagt i haust. I slutten av september vil Fellesnemda ha møte om budsjett.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Innspel til budsjett kan barnehagane sende til programansvarleg i Alver, med kopi til politikarane.

31oktober er frist for vedtak om satsar for Alver kommune.

Nytt møte:

Det vil bli skipa møte 10.september for å orientere om tilskot for 2020. Dette vert eit uforpliktande møte med skisser til satsar for tilskot.

2. Nytt om Alver kommune/barnehagesektoren.

Mette informerte om arbeidsoppgåver for Alver kommune. Ho er med i 3 prosjektgrupper i høve oppvekst/ barnehage/ stab.

Dei private barnehagane ønsker at det skal være moglegheiter for de private barnehagane å få være med vidare inn i arbeidet. Mette tek dette innspelet med vidare til prosjektgruppene.

Blåklokka barnehage er plukka ut til å vera med på prosjekt med å verte praksislærarbarnehage med NLA. Dette er eit samarbeid mellom NLA og barnehagen forskning i barnehagane/ lærarane ut i praksis . Drømmehagen barnehage har og avtale med NLA og held på med forskingsprosjekt. Ordførar har vore ute i Epira Marthahaugen barnehage og følgd dei ein dag.

3. Nytt frå staten om barnehagesektoren:

På styrarsamling før sommaren vert det informasjon om nyhende frå Staten og UDIR.

4. Andre saker:

- Læringar

Ordførar orienterte at det frå hausten startar det opp en klasse VG2 BUB arbeidarfaget.

Det er mogeleg å få fleire lærlingar på plass.

Ressursgruppa for lærlingar har vore på besøk i styrarsamling og informert om ordninga og om det å vere lærlingbedrift. Det største barnehagane i Meland er godkjent lærlingebedrift.

Barnehagane oppfordrar om at arenaen for dialog blir opprettheldt i Alver kommune. Alle partar tenkar at dette er ein møteplass som skapar god dialog og forståing mellom kommune og barnehagesektor.

Andre drøftingar:

Barnetal/ teljing/ prognoser for befolkning: Barnetal i kommunen har gått noko ned. Dette har barnehagane merka i høve at det er noko ledig kapasitet i sektoren totalt.

Med venleg helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Martin W. Kulild

Per Inge Olsen

Øyvind H. Oddekalv

Mottakere:

Blåklokka Barnehage AS	Melandsvegen 38	5919	FREKHAUG
Drømmehagen Barnehage AS	Floghaugane 61	5918	FREKHAUG
Espira Marthahaugen AS	Postboks 353	4291	KOPERVIK
Fredrik Seliussen	Mjåtveitmarka 79	5918	FREKHAUG
	A		
Leiketun Barnehage AS	Leiketun	5918	FREKHAUG
	Barnehage AS		
	Holtermandsvegen		
	2B		
Leirdalen Barnehage Sa	levegen 2	5917	ROSSLAND
Lita-God Familiebarnehage	Hoplundsvegen	5919	FREKHAUG
	141		
Læringsverkstedet AS	Postboks 215	2051	JESSHEIM
Læringsverkstedet Maurtua AS	Postboks 215	2051	JESSHEIM
Magnar Hellen	Galtenesvegen 63	5918	FREKHAUG
Mona Uglum Osberg	Breivika 7	5993	OSTEREIDET
Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen	Myrtveitvegen 68	5919	FREKHAUG